Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.	Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.	Herad: Lindås

Emne: Ting til lekjedom og vern mot sjukdomar.	Bygdelag:

Oppskr. av: Anders Spjeldnes	Gard:

(adresse): Lindås	G.nr.	Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ringar.

Av ringar til å bera mot sjukdomar kjenner eg berre til ein slags: blyringar til å bera i øyra, desse skulle skjerpa synet, men eg veit berre um ein mann her i bygdi som bruka slike. Desse ringar var festa i øyra ved at ein med ein syl stakk hol i øyreflippen og stakk so ein høveleg lang blystreng gjønom holet og bøyde den saman til ein ring. Slike rådgjerder var spurde mann frå mann, eller gjønom tidsskrifter, t.d. i "Til folkeopplysningens fremme."

Av elektriske belter kjenner eg berre ein sort, som ein mann bar um livet mot gikt, beltet var ihopsett av cinkplater som var pålag 1x3/4" og omvikla med kopartråd. Desse vart borne på nakne kroppen kring belteståden. Av og til vart eit sovare belte lagd i eddik eit augneblikk. Ein kalla dette

9947

belte gikt belte. I 60 årene f. å. h. var her i bygden en gjente som gav sig ut for at vere "synsk". "Hun gikk for presten på Lindås, og ved disse leilighetene vart ho då jamleg kalla inn til presten fyrr at han kunne få studera både gjenta og "sjukdomen" hennar. Presten het Holtermann, og var helden fyrr ein sers upplyst prest. Han fant da ut at hun måtte vere "besatt", og anbe-falte hennes foreldre at hengja ein stålkross um halsen hennar. Skjølv prestarne i dei dagar kunne vera "over-truiske"!

Noko meir um slike rågjerder mot sjukdomar kjenner eg ikkje til.

9947

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING